



SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Kvernhushaugen nedlagt avfalls plass - pålegg om utarbeiding av tiltaksplan - varsel om krav til tiltak

Statsforvaltaren pålegg Sogndal kommune å utarbeide ein tiltaksplan mot grunnforureining på og ved Kvernhushaugen avfalls plass.

Frist for innsending av tiltaksplanen vert sett til 1.9.2023.

På bakgrunn av tiltaksplanen vurderer Statsforvaltaren å pålegge tiltak for å hindre forureining frå avfallsområdet.

Dette dokumentet gjeld tiltak på og ved Kvernhushaugen avfalls plass (nedlagt avfallsdeponi med lokalitetsnummer 4273 i fagsystemet Grunnforurensning). Lokaliteten omfattar også mogleg forureina område nord og aust for Kvernhushaugen.

Statsforvaltaren viser til varsel om pålegg om tiltaksplan datert 6.2.2023.

Vedtak

Statsforvaltaren pålegg Sogndal kommune å utarbeide ein tiltaksplan som skal kunne gje konkret grunnlag for tiltak som har som føremål å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den forureininga som har inntreidd slik at det ikkje er fare for menneskeleg helse og/eller miljø på kort eller lang sikt. Pålegget er heimla i forureiningslova § 51 første ledd bokstav c.

Bakgrunn

Norconsult AS har på oppdrag frå Sogndal kommune gjennomført miljøteknisk gransking av forureina grunn og utslepp frå det nedlagte avfallsdeponiet Kvernhushaugen (rapport 1.9.2022). Granskninga har konkludert med at det er spreiding av forureining frå deponiet. Det er framleis biologisk aktivitet i det deponerte avfallet og utslepp av metan vart påvist i nordre del av deponiet. Granskninga tilrår at ein rad tiltak vert vurdert gjennomført.



Det har vore høvesvis mange observasjonar om kortvarige episodar med dårleg tilstand i Kaupangerelvi. Det er meldingar om vond lukt og fargeendringar i sigevatnet frå deponiet, og fleire funn av død fisk i elva. Etter regnvêret i veke 4 – 2023, vart det på nytt meldt om vond lukt og misfarging av elva. Det er grunn til å tru at slike episodar kan knytast til utslepp frå deponiet, mogleg etter kontakt mellom avfall og grunnvatn/innsig av vatn til deponert avfall.

Etter opparbeiding av næringsareal søraust i og ved deponiområdet, vart jord og stein som er mistenkt kunne innehalde forureining over normverdi lagra utanfor tiltaksområdet. Vidare disponering av massane er ikkje kjent.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Statsforvaltaren har vurdert at påverknadsgraden frå det forureina området ikkje er akseptabel og at det er behov for tiltak (Grunnforurensning, lokalitet 4273 Kvernhusaugen avfalls plass). Gjentekne meldingar, observasjonar og rapportar (sjå referansar i Norconsultrapporten frå 1.9.2022) har vist at det kjem forureina vatn frå deponiet som kan utgjere ein helserisiko og medfører skade på miljøet.

Som ansvarleg har Sogndal kommune sjølvstendig plikt etter § 7 i forureiningslova å gjennomføre tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknad av forureining. Ut over den plikten den ansvarleg har direkte etter forureiningslova, kan Statsforvaltaren pålegge den ansvarlege å gjennomføre tiltak. Tiltak i forureina grunn må vere avklart med forureiningsstyresmakt. Den ansvarleg kan søkje Statsforvaltaren om løyve til å gjennomføre tiltak, eller Statsforvaltaren kan påleggje den ansvarleg å gjennomføre nødvendige tiltak med utgangspunkt i ein tiltaksplan.

Det er behov for gjere tiltak på og ved denne lokaliteten. Tiltak må byggje på ein konkret tiltaksplan. Ein tiltaksplan må difor utarbeidast av uavhengig tredjepart og byggje på utførte granskingar og vurderingar i tidlegare rapportar. Tiltaksplanen må vurdere aktuell og planlagt arealbruk, og helse- og miljøfare frå utslepp til luft og vatn. Føremålet med tiltaksplan vil vere å føreslå kva som bør gjerast for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den forureininga som har inntreidd, slik at det vert akseptabel risiko for helse og miljø på kort og lang sikt for den framtidige arealbruken. For denne lokaliteten og påverknadsområdet rundt vil hovudmålsetting vere å kome med konkrete råd om tiltak for å stanse eller avgrense kontakt mellom vatn og avfall, og redusere forureinande utslepp så langt råd frå deponert avfall. Tilrådde tiltak må også omtale omsyn til eksponering på menneske frå kontakt med overflatelag eller metanutslepp på kort og lang sikt. Eventuell forsøpling skal ryddast opp i. Det må takast omsyn til tilråding frå Miljødirektoratet (merk ny rettleiing på Miljødirektoratet sine nettsider) om framlegg til nye akseptgrenser når det gjeld forureining i overflatelag. Gjennomføring av tiltak mot forureining no, vil ikkje utelukke at det kan vere behov for andre tiltak seinare.

Alternative tiltak på lokaliteten må vurderast, og det må fremjast råd etter ei samla vurdering. Dei tilrådde tiltaka kan bestå av kombinasjonar av fleire enkelttiltak, inkludert overvaking. Den venta effekten av de ulike tiltaka må skildrast.

Rapporten har noko ulik ordlyd når det gjeld råd om oppfølging av djupare grunnvatn i deponiet. I samandraget er det nytt kulepunkt som omtalar behov for ny grunnvassbrønn. Vi finn ikkje avklart i rapporten om forureina sigevatn meir kan skuldast utvasking av deponert avfall via nedtrenging av vatn frå overflate eller kringliggande tilførsel, eller om det meir/også kan skuldast kontakt mellom avfall og oppstigande grunnvatn. Vi finn heller ikkje avklart om det er avstand mellom djupare del av deponert avfall og topp nivå på grunnvasstand. Dersom det er (periodevis) kontakt mellom



grunnvatn og djupareliggande avfall må tiltaksplanen særskilt omtale tiltak for å hindre/reducere slik kontakt.

Vi finn det også noko uklart i stor kor grad vassig/grunnvasstraum mot aust er påverka av deponert avfall frå det omtalte nedlagte deponiet, eller om det også er påverka av forureining i grunnen utanom deponiarealet. Tiltaksplanen må omtale tiltak for å sikre at forureina vatn ikkje når overvassystema på industriområdet.

Rapporten omtalar at forureina masse kan vere fjerna frå eit nærliggande næringsareal. Massane vart ei tid liggande oppå delar av deponiet. Vidare disponering er ukjent, men det kan vere grunn til å tru at (delar av) desse massane kan vere brukt i grunnlaget for sykkelbana som ligg i kanten på deponiet eller andre føremål. Massane bør granskast og tiltaksplanen må omtale om vidare oppfølging etter forureiningsloverket er nødvendig.

Innhald i tiltaksplanen skal som et minimum omfatte:

- Skildring av området. Omtale av noverande arealbruk og vurdering i lag med heimshavarar bruk på lengre sikt med moglege helse- og miljøkonfliktar.
- Vurdere om gjennomført granskning er tilstrekkeleg for å kunne gjere framlegg om tiltak. Dersom noko ikkje er undersøkt må dette gjerast, jf. særskild omtale av manglande kunnskap om grunnvassnivå og deponert avfall, vassutslepp mot aust, toppdekke og bruk av mogleg forureina masse (frå etablering av næringsareal sør og aust i eller ved det nedlagte deponiet). Eventuell supplerande prøvetaking og analyser skal gjennomførast i samsvar med relevante norske eller internasjonale standardar.
- Framlegg til miljømål og akseptkriteriar for tilstand (tiltaksmål) etter gjennomførte tiltak på kort og om mogleg på lengre sikt. Tiltaka skal ha som hovudføremål å redusere forureining frå deponert avfall så langt som råd, om mogleg skal forureininga stansast. Eit av måla skal handle om å redusere mest mogleg / hindre kontakt mellom vatn (overflatevatn, tilsig, oppstuving) og deponert avfall.
- Vurdering av aktuelle tiltak skal skje i samsvar med retningslinene i § 2 i forureiningslova. Særleg aktuelt er vurdering etter § 2 pkt. 1, 3 og 5. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 -12 må takast omsyn til for vurdering av tiltaka.
- Tilrå rekkefølge og omfang av ulike tiltak og korleis føreslåtte tiltak vil verke på kort og lang sikt når det gjeld helse- og miljøpåverknad.
- Vurdere i kva for grad de føreslegne tiltaka vil bidra til å oppfylle miljømål for vassførekomsten (Kaupangerelvi). Tilsvarande vurdere om eller korleis dei føreslegne tiltaka har kortvarige og langvarige effektar på naturmangfaldet. Aktuelle spørsmål/tema:
 - Reduksjon av forureining på terrestre og akvatiske økosystem
 - Auke i biologisk mangfald i akvatiske økosystem
 - Hindre etablering og spreiding av eventuelle framande, skadelege artar
 - Om kva tilstand i vassførekomsten kan verte etter at tiltak er gjennomført.
- Framdriftsplan for arbeidet med å gjennomføre tiltak.
- Utgreie kva som bør setjast i verk av kontroll, overvaking og beredskap før, under og etter gjennomføring av tiltak. Råd om oppfølging/overvaking av Kaupangerelvi må sikre at utslepp frå Kvernhusaugen ikkje er til hinder for at elva kan oppnå vedtekne vassforvaltningsmål.
- Vurdere økonomiske forhold.

Nødvendig dokumentasjon skal følgje med som vedlegg til planen.



Ei liste over naboar og andre som tiltaka kan tenkast å ha særleg følgjer for skal leggest ved innsendinga til Statsforvaltaren.

Dato for innlevering av tiltaksplanen vert satt til **1.9.2023**.

Varsel om krav til tiltak

På bakgrunn av utarbeidd tiltaksplan, og eventuelle kommentarar får den ansvarlege for tiltaket og andre som eventuelle tiltak kan ha særlege følgjer for, varslar vi med dette at Statsforvaltaren vil vurdere å påleggje Sogndal kommune å gjennomføre tiltak mot forureining frå lokaliteten. Det kan også verte behov for å følgje opp tiltaka med nye tiltak og overvaking i ettertid. Pålegget vil vere heimla i § 7 fjerde ledd i forureiningslova.

Eventuelle kommentarar til dette varselet må sendast til Statsforvaltaren. Kommentarar kan sendast inn saman med oversending av tiltaksplan. Dersom vi ikkje mottar kommentarar på varselet, vil vi basere eit eventuelt pålegg om tiltak på det grunnlaget som går fram tiltaksplanen saman med våre, faglege vurderingar.

Klage

Pålegget om å få utarbeidd tiltaksplan kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan *tre veker* frå melding om vedtak er kome fram eller frå den dato vedtaket burde vere kjend. Ei eventuell klage skal omtale kva det vert klaga over og den eller dei endringane som er ønskt. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent